



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Annhild Merete Lorentzen,

## Informasjon om sentralt gitt eksamen i grunnskolen 2022

Statsforvaltaren ber om at postmottak i kommunen distribuerer vedlagde skriv til skolefagleg ansvarleg (eksamensansvarleg på kommunenivå).

Skolefagleg ansvarleg/eksamensansvarleg har ansvar for å distribuere vidare til

- Skolar med ungdomstrinn (eksamensansvarleg/rektor)
- Vaksenopplæringsentra (eksamensansvarleg/rektor)
- Friskolar med ungdomstrinn (eksamensansvarleg/rektor)

På nettsida til Utdanningsdirektoratet, finn du [generell informasjon om eksamen](#) og om [administrering av eksamen](#). Her finn de all informasjon om datoar og ein gjennomgang av oppgåvene knytt til eksamen: planlegging, gjennomføring og oppfølging.

Rektor må minne faglærarar i dei tre sentralt gitte faga på 10. trinn om at dei før eksamen gjer elevane kjende med læreplanane i faga og endringar i eksamen etter LK20. Det er naturleg at elevane får øve seg på eksempeloppgåvene på UDIR. Lenke til dei ulike faga finn de her: [Endringer i eksamen etter LK20](#). Vi viser også til UDIR sin e-post til sektoren av 25.01.22 der dei gjer merksam på at dei har publisert [forslag til vurderingskriterier](#) i norsk, engelsk og matematikk. Årets eksamensrettleiingar i faga må også gjerast kjent, men er per dags dato enno ikkje lagt ut. Følg med på UDIR sine sider: [HER](#).

### 1. Påmelding av kandidatar i PAS-eksamen – frist 1. mars 2022

Sjå Utdanningsdirektoratets instruksjonsfilm om:

- å legge til kandidatar: <https://vimeo.com/151505387>
- å finne eksamensmaterieell, registrere gruppeansvarleg, skrive ut kandidatnummer og passord samt lage dagspassord: <https://vimeo.com/145125948>



Vi presiserer at påmelding til eksamen føreset at kommunen har utført trekket av elevar og fag. Kommunen skal sørge for at trekket fordelar seg jamt på fag og skolar over tid. Kommunen har også ansvar for trekket av fag og elevar for friskulane.

Påmeldingar etter fristen og brukarstøtte skal skje tenesteveg: skole, kommune, Statsforvaltaren. Ver merksam på at ved etterpåmeldingar av elevar/fag etter 1. mars må skolen sjølv laste ned eksamensoppgåva frå PAS-eksamen. Kommunane har ansvar for brukarstøtte for skolar, inkludert vaksenopplæring og friskolar, i eigen kommune.

Dersom elevar bytar skole i perioden mellom påmelding og eksamen, må skolen sørge for at eleven vert fjerna frå eksamensgruppa i PAS-eksamen. Den nye skolen kan då legge eleven til.

**Nytt!** Elevar med fritak frå vurdering i skriftleg sidemål jf. forskrift til oppl. § 3-19:

Elevar med slikt fritak, skal berre ha ein eksamensdag i norsk. Dei skal no meldast opp til eksamen i hovudmål: fagkode NOR0218. Les meir om dette [HER](#).

Påmelding av kandidatar og bestilling av materiell til kandidatar med behov for særskild tilrettelegging skal gjerast i påmeldingsbiletet i PAS-eksamen innan 1. mars.

PAS-eksamen er no open for påmelding.

## **2. Sensur og forslag til fagpersonar – frist 1. mars 2022**

Grunna pandemien har det ikkje vore gjennomført eksamen dei to siste åra. Vi ser difor fram mot ein vår med det vi håpar blir ei normal gjennomføring av sentralgitt, skriftleg eksamen i grunnskolen. Nytt er det også at årets eksamen skal vere etter LK20. På grunn av dette er det i år særleg viktig at skolane melder på fagpersonar, fordi sensorane vil få ei utvida skolering i eksamen og vurdering etter LK20.

**Sensorskolering 2022:** Grunna nye eksamenar etter LK20 vert sensorskoleringa i år todelt.

- **Del 1** av sensorskoleringa er ei digital samling om eksamen etter LK20. Skoleringa skal gjennomførast i samarbeid med fagansvarlege frå UDIR i forkant av eksamen (veke 13 og 14). Tema: Ny digital gjennomføringsløysing, endring i læreplan og vurdering av eksamen.
- **Del 2** av sensorskoleringa er planlagt i Molde fredag 3. juni.

*(Førehandssensuren med UDIR som oppmenn og varaoppmenn deltek på er lagt til 31. mai og 1. juni. I norsk har også dei to assisterande i oppmannsgruppa delteke.)*

**Fellessensuren 2022** er lagt til Molde, onsdag 15. juni.

Deltaking i sensorkorpset er ei betydeleg kompetanseheving i vurdering for den einskilde lærar, men også for skolen gjennom at lærarar med sensorerfaring kan nyttast til å kurse resten av kollegiet.

Vi ønsker at flest mogleg skal få høve til å prøve seg som sensor. Vårt mål er å få ei blanding av røynde og nye sensorar, ei tilnærma lik fordeling mellom kjønn og god geografisk spreing.



Vi har ikkje kjennskap til alle fagpersonar som er foreslått. Rektor si kvalitetssikring er difor svært viktig for sensuren. Rektor må difor vurdere om fagpersonen:

- har god innsikt i læreplanane og god vurderingskompetanse
- er fagleg dyktig og har undervisningskompetanse i faget
- har erfaring frå undervisning i avgangsklasse
- er ryddig og har ein påliteleg veremåte
- har god arbeidskapasitet og samarbeidsevne

I PAS-eksamen er det ikkje mogleg for rektor å gjere prioriteringar mellom lærarar/fag. Ved spesielle ønsker/prioriteringar, send oss ein e-post, så vil vi prøve å ta omsyn til dette.

Statsforvaltaren ser ut frå statistikk at vi har kommunar/skolar som ikkje har foreslått fagpersonar på fleire år, og vi oppmodar særleg desse til å motivere sine lærarar til å stille som fagpersonar/sensorar. Ei oppmoding går også til vaksenopplæringssentra om å arbeide aktivt for å få sine lærarar til å stille som sensorar.

Frist for å oppdatere skolen sitt fagpersonregister i PAS-eksamen: 1. mars.

- Sjå Utdanningsdirektoratet sin instruksjonsfilm om å legge til fagpersonar: <https://vimeo.com/151505644>
- Begynn med å rydde i fagkodar: Fjern utgåtte.  
Legg inn nye fagkodar:  
Matematikk: MAT0015  
Engelsk: ENG0030  
Norsk: NOR0218 (HM) og NOR0219 (SM).
- Dersom fagpersonar allereie er registrert under fana «fagpersonar», må det hakast av for at dei skal bli foreslått som fagperson våren 2022. Sjekk at dei ligg inne med rett namn, telefonnummer og e-postadresse.
- Skal du legge til ny fagperson må du ha personnummer, telefonnummer og e-postadresse tilgjengeleg.
- Foreslå fag på fagpersonar:
  - Fagkode for matematikk: MAT0015.
  - Fagkode for engelsk: ENG0030.
  - Fagkodar i norsk: Huk av for begge: NOR0218 (HM) og NOR0219 (SM).

På grunn av at sensorskoleringa startar allereie i månadsskiftet mars-april, vil fagpersonar som vert plukka ut til sensoroppdrag få melding om dette allereie i medio mars. Meldinga vert sendt direkte til fagpersonen frå PAS-eksamen til den e-postadressa/mobilnummeret som er registrert. Rektor vil også sjå i PAS-eksamen om foreslegne fagpersonar har blitt oppnemnt.

Det er forventa at fagpersonane som vert oppnemnt til sensorar møter på begge sensorskoleringane.



### 3. Fellessensur

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har ansvar for alle dei tre faga i grunnskolen. Fellessensurmøtet i vår eksamensregion er fastsett til onsdag 15. juni i på Scandic Alexandra Hotel i Molde. Dersom smittesituasjonen gjer dette vanskeleg, kan den eventuelt gjennomførast digitalt.

Resultatet frå fellessensuren kan hentast i PAS så snart sensuren er gjennomført den 15. juni.

### 4. Om nettbaserte hjelpemiddel

Frå våren 2018 gjaldt nye, obligatoriske føringar for hjelpemiddelbruk til sentralt gitt eksamen i grunnskolen. Dei nasjonale føringane frå Utdanningsdirektoratet kan ein lese [HER](#). Føringane inneheld eit minimumskrav og eit øvre tak for kor mange nettbaserte hjelpemiddel som skoleeigar skal tilby alle sine eksamenskandidatar.

### 5. Teamsmøte om eksamen

Statsforvaltaren viser også til utsendt brev med invitasjon til teamsmøte/webinar om eksamen og vurdering onsdag 9. februar, kl. 13.00-15.00. Invitasjon er sendt til skolefagleg ansvarleg i kommunen med ansvar for eksamen. Vi har i tillegg sendt ut e-post til skoleleiarar frå offentlege og private skolar med ungdomstrinn, samt vaksenopplæringssentra. Meir informasjon om møtet og påmelding: [HER](#)

Lukke til med eksamen 2022!

Med helsing

Annhild Merete Lorentzen  
seniorrådgivar

Tone Malme  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



## Mottakere:

Ålesund kommune	Postboks 1521	6025	ÅLESUND
Gjemnes kommune	Rådhuset, Nordmørsvegen 24	6631	BATNFJORDSØRA
Rauma kommune	Vollan 8 A	6300	ÅNDALSNES
Sande kommune	Rådhuset	6084	LARSNES
Vestnes kommune	Rådhuset	6390	VESTNES
Aure kommune	Postboks 33	6689	AURE
Tingvoll kommune	Midtvågvegen 2	6630	TINGVOLL
Ulstein kommune	Pb. 143	6067	ULSTEINVIK
Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA
Sula kommune	Postboks 280	6039	LANGEVÅG
Sykkylven kommune	Rådhuset, Kyrkjevegen 62	6230	SYKKYLVEN
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA
Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Kristiansund kommune	Postboks 178	6501	KRISTIANSUND N
Smøla kommune	Postboks 34	6571	SMØLA
Stranda kommune	Øyna 13	6200	STRANDA
Surnadal kommune	Bårdshaugvegen 1	6650	SURNADAL
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Averøy kommune	Postboks 152, Bruhagen	6538	AVERØY
Fjord kommune	Olavsgata 10	6210	VALLDAL
Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Sunndal kommune	Postboks 94	6601	SUNNDALSØRA
Vanylven kommune	Rådhuset	6143	FISKÅBYGD
Aukra kommune	Kommunehuset Nyjordvegen 12	6480	AUKRA
Giske kommune	Rådhuset, Valderhaug 4	6050	VALDERØY
Hustadvika kommune	Tingplassen 1	6440	ELNESVÅGEN